



LARS TORBJØRNSEN ØVSTHUN

Astrid Øvstun

Lars Torbjørnsen Øvsthun var fødd i 1888 på Øvsthun i Fana. Far hans Torbjørn og kona Janna fødd Gimmeland var gardbrukarar. Lars gjekk i snikkarlære hjå byggmester Østervold, og "teknisk aftenscole" i Bergen. Kom til Dale i 1912 og gifte seg med Brita Jamne frå Dale.

På Dale starta han Trevarefabrikk/byggeforretning, overtok atelieret etter fotograf Dahl "bortom brunæ", rett på nordsida av trebrua den gongen. Bygningen vart reve og materialen brukt opp att i det nye og større bygget.

Lars Øvsthun blei eigen byggmeister i 1915 og dreiv i ei årrekkje utelukkande byggeverksemd. Første huset Lars Øvsthun sette opp på Dale var Dalseidvegen 1 i jugendstil med mansardtak, ferdig 1915. Han skal også vera den som flytte "Oscarsborg" frå Holhovden til Bergen for oppattsetting i Kalfaret, (Blaauws vei 5).



Verkstden til Lars T. Øvstun. Verkstden blei på slutten av 50-talet overteken av L. Hjelmelands Snekkeri og Treskjæveri. Dale Handelsforening hadde etterpå møbelutsal og lager fram til bygget blei rive i samband med stamvegutbygginga (rundt 1990) Utlånt av Astrid Øvstun.



Bilete er truleg tatt i 1934. Frå v: Sverre Standal 1920-1945, snekker Anders Johannes Nesheim 1902-1978, snekker Johannes Olsnes 1909-1954 bak John Eliassen 1926-. Utlånt av Astrid Øvstun.



Husa i Dalseiddvegen til venstre. Til høgre "Bortom lino" i "Banevegen".

Først til høgre "Gullachsfloren (Hotellstall frå 1900, over til DF ca. 1918). Bakom står på høgre sida vegen Eliassen-huset og smeden Jamne (Øvsthunhuset) og Fotograf Dahl (verkstaden til Øvsthun), Erik Brudvikhuset (delvis skjult). Utlånt av Astrid Øvsttun.

Han førte opp fleire hus på Dale både for private, A/S Dale Fabrikker og for kommunen, samt også atskillige bygg utanbygds. Hadde tømmerarbeidet i Dalehallen og Dale Gamleheim.

I 1925 hadde han lagd til verkstad med maskineri for framstilling av dører, trapper og vindauger m.m. Arbeidsstokken var til vanleg om vinteren fire mann, om sommaren opptil 12 mann.

Lars Øvsthun skaffa seg 2 hestar. "Reinfant" var ein ekte dølahest, "Odin" ein blakk fjording. Dei trakk kvar sine kjerrer. "Odin" var eigenrådige. Han nekta plent å gå forbi trammen (utbygget...) før kona Brita kom ut med ein brødsalk eller liknande. Hestane var nytta til transport av materialer, sand og sement i samband med bygginga av første trinn på BKK sin turbinhall, som var ferdig i 1927. Toralv Øvsttun var med på køyringa til og frå losseplassen på "Gamlestasjonen" for foten av Kyrkjebrekka.

Hestane stod i smia som verfaren Johannes Jamne hadde nytta i arbeid for fabrikk. Utanfor var eit vognskjul for kjerrene. Smia stod på hi sida vegen, attmed Dale Fabrikker sin eigen stall som husa 4-5 hestar: "Mester grå", "Balder", "Storebrunnen", "Litlebrunnen" – og "Sirkusmærræ".



Framføre Øvsttun-huset i "Banevegen" 193? : Helge Sundland frå Haukeland, Aslaug Janna Øvsttun, Toralv Øvsttun. Til venstre Czat-bilen. Utlånt av Astrid Øvsttun.

Lars Øvsthun var ein verdsett mann i alt offentleg styre og stel i kommunen. Han var formann i Dale Bygningskommune i 12 år, og i Likningsnemnda i 5 år (kan ha vore mykje lengre iflg Toralv). Sat i styret for Dale skule i 9 år. var med å starta Dale og Bergsdalen Bilag i 1920, med i styret i 4 år. Lars Øvsthun fekk tømmer- og snikkararbeidet til den nye kyrkja på Dale, men døydde før han kom i gang, like før jul 1956.

Informantar: Gunvor Øvsttun Kasa og Toralv Øvsttun

I 1927 kjøpte Lars Øvsthun den første bilen til Dale, en italiensk Czat (les: skatt). Dette var eit merke under Fiat. Bilen var 1917-modell og skal ha trilla i Lærdal som rutebil, truleg frå han var ny. Han hadde 7 seter, med giret på utsida. Karmen var råd å bytta ut saman med kalesjen. Då fekk ein lastebil for frakt av materiell i staden, altså ein kombi-bil.

Mot 30-talet var det framleis berre 3 biler attåt denne på Dale. Ein tur i Bergsdalen innebar at grindaguten måtte opna 6-7 grindar. Den korte biten til Stanghelle station var endå verre, fyrst grinda i Dalevegen (ved Kalvakroken for å halda dyra ute). Der etter vart det 3 dobbeltgrinder ved kryssinga av jernbana (Dalebryggja, Hellestræ, Stanghelle).